

nr. 3 - 2012

# PiRion

- kulturavis for barnehagar og skular



## NYNORSK FRÅ SKULESTART

TEKST OG FOTO: IRENE GARNES HAREIDE

«Her kjem lesetoget, å lesa er bra!» Lesetoget er eit opplegg med stasjonslæring, og toget går mellom stasjonane Leseland, Datadalen, Skrivestova og Leseikos. Rulleringa mellom stasjonane skjer sjølvstøtt ved togtransport, og elevane kosar seg når dei får gå i tog og synge: «Her kjem lesetoget, å lesa er bra!»

# NYNORSK FRÅ SKULESTART

## Det er samlingsstund for første og andre klasse ved Søre Fusa oppvekstsenter.

Fem gutar og sju jenter sit på låge trebenkar med blikket vendt mot lærar Marit Bergheim Lyhammer. Marit held opp ein blå plakat med eit dikt om månen, som er skrive av Halldis Moren Vesaas. — Kan vi ikkje lese det sånn hakkete? spør ein av elevane. — Jau, men først tek vi det med vanleg stemme og på vanleg måte, svarer Marit. Og så les dei i kor:



## MÅNEN

MÅNEN ER SÅ GUL OG RUND.  
AUGE HAR HAN, NASE, MUNN.  
INGEN BEIN DET EG KAN SJÅ.  
ENDA KAN HAN STÅ OG GÅ,  
STÅ OPP, GÅ NED, RUND OG  
GUL.

PYTT, HAN TRILLAR SOM EIT  
HJUL!

*Av Halldis Moren Vesaas*



Så er det endeleg tid for å lese hakete, med trykk på kvar staving. Etterpå får kvar elev velje ei oppgåve: Dei kan anten ringe rundt ein å-bokstav, ringe rundt to ord som rimar, eller ringe rundt eit ord som har to stavingar. Elevane er konsentrerte og ivrige. Til slutt les dei diktet i kor igjen. Det er lett å merke at dette er eit opplegg elevane kjenner. Marit er oppteken av å bruke poetiske tekstar. — Eg har ei spesiell tru på å bruke poetiske tekstar med dei yngste. Elevane lærer mykje av det, og det er ein svært god måte å jobbe på for å byggje opp språkleg medvit, forklarar ho. Kvar veke får elevane møte eit nytt dikt på nynorsk.



Lærer Marit Bergheim  
Lyhammer ved Søre Fusa oppvekstsenter har ei spesiell tru på å bruke poetiske tekstar i språkarbeid med dei yngste. — Elevane lærer mykje av det, og det er ein svært god måte å jobbe på for å byggje opp språkleg medvit, forklarar ho.

seg ved pultane sine. Skiver med leverpostei, fårepølse og brunost dukkar opp frå fargeglade matboksar, og Marit finn fram boka *Vaffelhjarte* av Maria Parr. Dei snakkar litt om handlinga i boka, tenner «leselyset», og så er det tid for høgtlesing.

Etter langfriminuttet står Lese-toget på planen. Dette er eit opplegg med stasjonslæring, og toget går mellom stasjonane Leseland, Datadalen, Skrivestova og Lesekos. I Leseland får elevane lesetrening gjennom rettleidd lesing med Marit, i Datadalen jobbar dei sjølvstendig med språkstimulerande aktivitetar og spel på nettsidene Berte og Iver, i Skrivestova skriv dei eigne vinterdikt på datamaskin saman med assistent Maud Markhus, og på stasjonen Lesekos les dei i koseboka si. Rulleringa mellom stasjonane skjer sjølvstendig ved togtransport, og elevane kosar seg når dei får gå i tog og syngje: «Her kjem lesetoget, å lesa er bra!»

Skuledagen er over for dei yngste elevane ved Søre Fusa oppvekstsenter. Nokre skal heim, andre på SFO. Akkurat kva dei tenkjer på når dei går ut i snø og sludd denne tidlege ettermiddagen, veit vi ikkje, men vi kan sjå for oss at dei nynnar litt på songen om Lese-toget eller ei strofe eller to frå månediktet på vegen heim.



## NYNORSKSENTERET

er eit nasjonalt ressurscenter for nynorsk i grunnopplæringa og barnehagen. Senteret driv ulike utviklingsprosjekt for å styrkje nynorskopplæringa.

På nettstaden Nynorsksenteret.no finn du nyttige ressursar for skulen og barnehagen, til dømes teikneseriar på nynorsk, boktips om nye nynorske bøker og døme på undervisningsopplegg. Her finn ein òg aktivitetssidene Berte og Iver, der barna kan utforske ulike rom med språkaktivitetar, spele spel, sjå animasjonsfilmar og mykje meir. Alle ressursar er sjølvstendig på nynorsk og er gratis og tilgjengelege for alle.

Klassa har sidan hausten 2011 vore med på prosjektet «Nynorsk frå skulestart». Åtte skular rundt om i landet er med på dette prosjektet, som fokuserer på at elevane skal møte det nynorske skriftspråket tidleg, gjerne i form av nynorsk barnelitteratur. Marit har valt å fokusere på bruk av nynorske dikt og bøker i samband med skriveaktivitetar. Dikta og bøkene blir modellar for elevane, og Marit understrekar at gode modellar er viktige: — Mange kommersielle og masseproduserte bøker har eit språk som er vanskeleg å lese for elevane, og dette gir dei eit dårleg utgangspunkt. Eg legg vekt på å bruke gode bøker og prøver å inspirere foreldre til å gjere det same, fortel ho.

Det er tid for matpause, og elevane set

# Bokmeldingar

## HEMMELIGHETEN

**D**ette er ei fargerik og sjarmerande biletbok der me møter Andrik, som har blitt forelska. Han er kjempeforelska i Anda, men det er ein løyndom ingen må få vite. Likevel, det er vanskeleg å halde på slike løyndommar, og Andrik møter veninna Gåsa, som han trur seg til. Og plutselig er det ganske mange som veit at Andrik er forelska i Anda.

Boka er gjennomført, med detaljrike teikningar og fine og vare pastellfargar. Spesielt er det tydelege og gode ansiktstuttrykk på dyra; hanen som er så stolt og rakrygga, hunden som ertar Andrik fordi han er forelska, og gåsa som ikkje klarer å halde på løyndommen fordi han



René Gouichoux,  
illustrert av Marc  
Boutavant  
Magikon Forlag 2011

bles seg opp i brystet, klatrar oppover i halsen og trengjer seg ut gjennom nebbet.

Til og med dei minste borna veit litt om kor vanskeleg det er å halde på løyndommar, kor lett det er å fortelje vidare noko ein eigentleg ikkje skulle sagt, kor spanande det er å vite noko ingen andre veit. Denne boka viser oss på ein fin måte kva som kan skje dersom ein fortel noko vidare litt for raskt.

Judith Sørhus Litlehamar

## MARIE PÅ BASAR og fire andre forteljingar

**D**ette er den andre boka om Marie og barndommen hennar. Den første boka kom i 2009 og vart veldig populær, i barnehagar, men òg på mange aldersheimar. Forteljingane om korleis det var å vekse opp i ei lita bygd på 50-talet, fengjer tydelegvis mange.

I denne boka er det nettopp den gode forteljinga som er det berande elementet. Teikningane, derimot, er nesten som små stoppestader langs historia, dei fylgjer forteljinga og bygger opp under handlinga. Me kan drøyme oss vekk til ei anna tid, ei tid då veslebror til Marie, Magnar, skulle sykle til Buo — som butikken vart kalla — og kjøpe brød. Brøda gløynde Magnar på butikken, men hunden



Av Olaug Marie Bjørndal  
Illustrert av Anja  
Tveiterås  
2011


deira, Sonja, ho passa på slik at brøda kom på rett plass dagen etter.

Me høyrer også om når Marie mista støvelen sin i kuskiten, om kosebamsen som forsvann i høyet, om Marie som gjekk på basar og fekk ein uventa gevinst med seg heim, og ikkje minst om den store hoggormen som storebror Arne drap i hagen. Dette er kvardagshistorier fortalde i eit levande og naturleg språk. Små stoppestader i boka, med forklaringsar på vanskelege ord eller gjenstandar, som til dømes åre-sal på basar og «å stia», gjer boka lettare å lese også for dei som ikkje har dagleg kontakt med bygdelivet eller landbruk.

Judith Sørhus Litlehamar

Returdresse:  
Pirion  
Næringsbedet  
i Vatlandsvåg  
4235 Hebnes  
NORGE

B



www.pirion.no



## PIT PARION

# Barnebokmonsteret kjem! Kodeord: Dumme spørsmål.

Eg er eit monster. Eg er sint! Det har ikkje alltid vore slik. Før var eg blid og glad. Eg har nemleg hatt den store gleda, for det har det verkeleg vore, å lese alle nynorske barnebøker og reise rundt i det ganske land, sånn omtrent, og fortelje om dei.

I fem år! Det som opprører meg meir og meir til meir eg driv på, er denne setninga her: — Det finst så lite på nynorsk. Fordi denne setninga alltid blir sagt, same kvar eg kjem og kven eg snakkar til. Ta no og slutt med det der, elles blir eg eit monster!

Ser eg ikkje sint ut? Nei, eg gjer kanskje ikkje det. Eg smiler og svarar alltid eitkvart diplomatisk. Eller? Eg er sanneleg ikkje heilt sikker lenger, etter kvart blir det vanskelegare og vanskelegare å klistre på smilet og nikke forståelsesfullt når denne setninga kjem. I pausen over den lunkne kaffien eller i plenum rett før lunsj, når alle tenkjer på mat. — Men du? Koffår finnes det så liite på nynorsk? (Ja, dei er faktisk oftast frå Bergen, dei som tek ordet og spør om slikt.)

Det kjem mellom seksti og sytti nye titlar for barn og unge på nynorsk kvart år. Det er sjølvsagt færre titlar enn på bokmål. Som de skjønar, er eg i det lunefulle hjørnet, så eg vil ikkje skrive kor mange som kjem på bokmål. Det er ikkje viktig i det heile teke! Ikkje i denne samanhengen. Det vi skal konsentrere oss om, er alle som kjem på nynorsk. Dei skal vi snakke om, dei skal vi lese, dei skal vi låne, og dei skal vi kjøpe. Og så skal vi slutte å klage, vi har nemleg ingenting å klage på! Tvert i mot.

«Skal den nynorske barnelitteraturen overleve, må han vere best.» Slik formulerte Einar Økland og Guri Vesaas grunnsetninga



Janne Karin Støylen  
Litteraturmedar-  
beidar, Nasjonalt  
senter for nynorsk  
opplæring

om korleis dei ville arbeide for utviklinga av barnelitteraturen tidleg på syttitalet. — Det er med nynorsken som med kvinnene; kvinnene må vere ekstra flinke, og dei nynorske bøkene må vere ekstra gode, forklarte Guri Vesaas, den gongen nyttilsett barnebok-redaktør i Det Norske Samlaget.

Så gjekk det som det gjorde, vi fekk fram ei perlerad av dyktige forfattarar, fantastiske illustratørar og altså: skikkeleg gode bøker for born. Og ikkje så reint få heller! Dermed har vi ei fullstappa, førsteklases barnebokhylle med bøker for dei aller minste, som Mopp og Mikko og serien om Veslefanten, bildebøker i massevis av aller beste kvalitet, bøker om bokstavar, tal, former og fargar når den tid kjem, bøker til å lese sjølv, lytte til som lydbok og best av alt: bøker til å lese høgt. Bøker som blir omsett til russisk og kinesisk fordi dei er så utruleg gode! Bøker til å vente ved postkassen for kvar einaste dag; kanskje kjem neste bok i serien om Cherub-agentane i dag? Neste bok om Drakeguten? Neste bok om Harry og Ivar? Seriøst, folkens! Det finst ikkje lite på nynorsk. Det er ei myte som vi forsterkar kvar gong vi gjentek spørsmålet. Klart vi ynskjer oss meir! Meir lettlest, meir fagprosa, fleire grossarar, meir, meir, meir. Eg skriv akkurat på ein slik grossar, forresten. Om laboratoriet eg har i løa, der eg snart vil bli til barnebokmonsteret på ekte! Kodeord: dumme spørsmål! Det er ikkje det at eg ikkje skjønar kvifor folk spør. Dei spør fordi dei ikkje finn bøkene på bokhandelen. Kanskje ikkje alltid på biblioteket heller. Det er ei anna sak. Det er eit problem, men det kan løysast. Fordi bøkene finst, og fordi bøkene er gode. Det er ekstra viktig at dei borna som skal lære å lese og skrive nynorsk på skulen, blir lesne for på nynorsk i barnehagen. Det skal eg skrive om neste gong det er min tur i denne fine spalta. Vil eg framleis vere eit monster? Det kjem an på spørsmålet!

FØLG OSS PÅ FACEBOOK  
OG TWITTER

Bli tingar og få Pirion  
i posten 8 gonger i året  
for kr 235,-

Pirion-kurs

Les meir på [www.pirion.no](http://www.pirion.no)

Pirion

Tips oss på [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no) Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og [www.pirion.no](http://www.pirion.no)